



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	14.03.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A00	15/349

### SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 18/2016

##### **FPØ - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

##### Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:

SV beklagar at saka ikkje vert handsama etter opprinneleg tidsplan. SV er sterkt kritisk til at «Moglegheitsstudien for ny Barne og ungdomsskule på Dale ikkje har vore ein del av høyringa, og til slutt er SV kritisk til administrasjonen sin gjennomgang av høyringsuttalane.

SV vil peike på at av alle høyringssvara som har peika på alternativ ønskjer alle å oppretthalde dagens skulestruktur med unntak av Utdanningsforbundet og FAU på Dale barne og ungdomsskule. Ei oversikt over dette burde lagt ved saka.

Under punktet «Busetjing, folketalsauke og attraktivitet» skriv administrasjonen slik:

*«Nokon av høyringsuttalane meiner nedlegging av skulen vil føre til at bygda dør. Nokon seier det vil verta fråflytting med ein gong, andre meiner bygda sakte vil verta forgubba og mista tilflytting.»Og vidare:*

*«Dette er eit stort og sterkt spørsmål og det er vanskeleg å hente ut faglege og rasjonelle argument som gir overvekt for ei sikker slutning om at skulenedlegging vil leie til redusert folketal i bygda eller ikkje.»*

SV er sterkt ueinig i ei slik framstilling av høyringsuttalane, her kan det virke som administrasjonen meiner høyringsuttalane manglar rasjonale.

##### **FPØ - Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

## **Saksopplysningar:**

Saka her freistar vise korleis argumenta i høyringsuttalane er kategorisert og korleis argumenta vil bli handsama vidare både i denne saka og i samanheng med andre strategiske saker så som: Samfunnsdelen til kommuneplanen, Økonomiplanen, Tettaneset, Kommunestruktur, Årsmelding og tilstandsrapport for skulen i Vaksdal.

## **Bakgrunn**

Kommunestyret vedtok i sak 46/2015 Rådmanns framlegg til økonomiplan 2016 - 2019 å be rådmannen om greie ut eventuelle endringar i skulestrukturen i Vaksdal.

*«Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken rettningsgjevande med slike føringar: Oppvekst:*

- Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.*
- Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.*
- Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.*
- Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;*
- framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst*
- plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i Vaksdal kommune*

*Kommunestyret fastset i særskild vedtak:*

- Skulestruktur*
- Eventuelle nybygg og rammer for dette*
- Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta*
- Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet*
- Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvisst.*

*I kommunestyret sak 49/2015 Tilstand for bygg oppvekst vart følgjande vedtak gjort:*

*Kommunestyret tar rapporten «Oppsummering alle tilstandsvurderinger, revisjon 03» til orientering. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide forprosjekt for ny barne- og ungdomskule på Dale i tre alternativ:*

*0 Skulestruktur som i dag*

*1 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle*

*2 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal.*

*3 Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal*

*Forprosjektet vil saman med vedlagte rapport og skulefaglege vurderingar inngå i grunnlaget for ny skulestruktur.*

*Rådmannen får fullmakt til å avhende Vaksdal barnehage, avdeling Jamne, omregulering og sal som bustader, eventuelt vurdere å bygge bustader i eigen regi.*

*Dale PPT/barnevern, bygget vert å rive.*

*Rådmannen går i dialog med innbyggjarane i Bergsdalen med tanke på lokal overtaking/sal av bygget.»*

Utgreiing om framlegg til eventuelle endringar om skulestruktur vart i LEV sak 28/2015: Høyring skulestruktur i levekår sendt på høyring.

Høyringa har vore open, slik at alle interesserte har hatt høve til å kome med uttale.

Alle innspela frå høyringa, saman med Utgreiing skulestruktur i Vaksdal kommune og Skulebruksplan 2015-2030, skal leggjast til grunn for saka som rådmannen skal fremja for politisk handsaming i Kommunestyret.

Ved høyringsfrist 11. februar 2016 var det komt inn 33 uttalar.

Desse fordeler seg slik:

FAU	5
Samarbeidsutval	5
Elevråd/ungdomsråd	6
Tilsette / klubb	4
Tilsette sine organisasjonar	2
Foreiningar / vel foreiningar	5
Enkeltpersonar/andre	6
Totalt	33

I tillegg er det kome inn 1167 underskrifter for å oppretthalde skulestrukturen som i dag.

Dei fleste uttalane tek for seg eigen skule og eige nærmiljø, men nokon har òg element i seg meir generelt om skulane og nærmiljøa i Vaksdal. Uttalane varierer frå korte uttalar i e-post til større dokument.

### **Levekårsutvalet - Sak 07/2016**

Einingsleiar samfunnsutvikling orienterte om mogleighetsstudie for ny barne- og ungdomsskule på Dale (jfr. referatsak 03/2016.2).

Kommunalsjef oppvekst orienterte, og gjekk igjennom innkomne høyringsuttalar.

Endringsframlegg frå Line Kydland, på vegner av SV, H, MDG:

- 1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet, som inkluderer ny Barne og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.*
- 2. Forslag til prosjektplan, kostnadsoverslag og plan for fedigstilling av prosjektet vert å handsama i kommunestyret 27. juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram eigen sak om kjøp av elevplassar i Modalen innan kommunestyret sitt møte 9. mai 2016.*

Tilleggsframlegg frå Hege Eide Vik, på vegner av SP, AP:

*For å kunna oppretthalda eit forsvarleg opplæringsnivå uansett kva alternativ for skulestruktur kommunestyret landar på, må ein nytta tida fram til endeleg avgjerd i juni til å finna økonomiske løysingar i komande økonomiplan for finansiering av dei ulike skulestruktur-alternativa. Lvekårsutvalet legg til grunn at endringar i skulestrukturen tidlegast kan skje frå august 2017.*

### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot Framlegget frå Line Kydland. 3 røysta for Line Kydland sitt framlegg (SV, H, MDG) som dermed fall.

Tilleggsframlegget frå Hege Eide Vik vart samrøystes vedteke.

Protokollmerknad frå Line Kydland på vegner av SV, H, MDG:

*Partia MDG, Høgre og SV er einige om at skulestrukturprosessen held fram som tidligare vedteke. Det vil seie at kommunestyret gjer sitt endelege vedtak 11. april 2016.*

*Grunngjeving:*

- Partia meiner skulestruktursaka må følge vedteken plan. Dette er rett i høve det engasjementet og arbeidet som bygdene, skulane og enkeltmenneska i Vaksdal har utført. Det vil vere å ikkje ta folk på alvor med ei utsetting no*
- Partia meiner det vil være særst uheldig å handsame skulestruktursaka 10 dagar etter at skulane har teke sommarferie. Elevar, tilsette og føresette har krav på å vite om skulen vert lagt ned innan sommaravslutninga*
- Partia meiner det er eit stort føremon i økonomiplanarbeidet at vedtak i skulestruktursaka kjem i april. Det vil vere umulig å handsame desse sakene i same møte*
- Partia meiner det er viktig at skulestruktursaka vert avgjort no slik at kommunen kan gjennomføra kommunereforma best mogleg etterpå*

*Partia meiner til slutt at prosessen som er føreslått i saksutgreiinga i PS 07/16 i Levekårsutvalet 22.02 er uryddig. Politiske og administrative prosessar skal ikkje køyrast parallelt*

*LEV - sak 07/2016 Vedtak:*

*Høyringsuttalane er mange, gode og viser stort engasjement og viktige innspel for vidare saksutgreiing. Det er viktig å sikra ein brei politisk prosess der alle politiske utval har høve til å handsama høyringsuttalane og kome med innspel til vidare saksutgreiing og prosess.*

*Justert framdriftsplan legg opp til politisk handsaming av skulestrukturen i kommunestyret i juni, parallelt med saker om kommunestruktur og økonomiplan.*

*For å kunna oppretthalda eit forsvarleg opplæringsnivå uansett kva alternativ for skulestruktur kommunestyret landar på, må ein nytta tida fram til endeleg avgjerd i juni til å finna økonomiske løysingar i komande økonomiplan for finansiering av dei ulike skulestrukturalternativa.*

*Levekårsutvalet legg til grunn at endringar i skulestrukturen tidlegast kan skje frå august 2017.*

### **Saksprosessen**

I store prosessar har det lenge vore tilrådd å utforme endeleg avgjerdsgrunnlag gjennom dialogbasert sakshandsaming. Det betyr mellom anna at administrasjonen legg fram løypemeldingar eller drøftingssaker medan saka framleis er under utgreiing. Eit viktig omsyn for dette er at administrasjonen har tilgong til informasjon som det er viktig for det politiske nivå å få tilgong til også undervegs i prosessane. Eit anna viktig omsyn er å sikre at initiativretten ligg på politisk hald. Dette vert oppmoda om i KS sin folkevaltopplæring og er lagt til grunn som prinsipp for saka om politisk organisering i Vaksdal kommune. Rådmannen har merka seg protokollmerknad i utval for Levekår og er oppteken av å få til ryddige prosessar for sakshandsaming fram mot endeleg vedtak.

Saka her freistar vise korleis argumenta i høyringsuttalane er kategorisert og korleis argumenta vil bli handsama vidare i denne saka og i samanheng med andre strategiske saker så som: Samfunnsdelen til kommuneplanen, Økonomiplanen, Tettaneset, Kommunestruktur, Årsmelding og tilstandsrapport for skulen i Vaksdal.

### **Høyringsuttalane**

Høyringane viser at det er overvekt av uttalane som ynskjer å oppretthalda skulestrukturen slik den er i dag med få unntak. Materialet syner i særst liten grad fordelar ved å endra skulestrukturen.

Hadde ein valt ein grundigare utgreiingsprosess før høyring, ville det vore naturleg å intervjuje informantar. No er høyringsuttalane vera viktige informasjonskjelder.

Hovudtrekka i høyringsuttalane kan kategoriserast i fem tema. Desse vert her presentert og kommentert:

1. Kvaliteten i skulen
2. Økonomiske konsekvensar av å oppretthalda skulestrukturen som i dag
3. Skulen sin plass og funksjon i nærmiljøet
4. Busetjing, folketalsauke og attraktivitet
5. Skuleveg og skuleskyss

Nedanfor vert det gitt ei omtala av kva argument som er henta ut frå høyringsuttalane saman med ei førebels vurdering som også freistar vise samanheng til andre pågåande saker.

### 1. Kvaliteten i skulen

Kvaliteten i skulen vert løfta fram som viktig i nær alle høyringsuttalane. Det kjem til uttrykk og skildra på ulike måtar. Skulekvardagen vert opplevd som trygg og at elevane trives på skulen. Dette vert peika på som ein føresetnad for læring og til borna sitt beste.

Elevar, foreldre og tilsette opplever å ha gode læringsmiljø med god kvalitet i skulekvardagen og undervisninga på skulane. Nokon peika på fordelar med å ha fleire årsklassar saman der elevar lærer av kvarandre, medan andre peikar på fordelene av å ha reine årsklassar for betre å kunne tilpassa undervisninga.

Når det gjeld alternativet med å halde fram med 1. – 4. årssteg i nærmiljøet vert det peika på at fagmiljøa og det sosiale miljøet ved den enkelte skule vil verta for lite og mogeleg ikkje så stor økonomisk fordel. Nokon uttalar òg at skulen vert utarma med berre dei yngste elevane på skulen og faren for seinare å verta sentralisert.

Kvalitet i høve små og store skular og små og store klassar vert omtala i nokre av høyringsuttalane. Desse uttalane meiner storleiken på skulane slik dei er i dag gjev ein trygg skule for elevane. Storleiken gjev oversikt over elevane både inne og ute. Ved å ha større skular og klassar vert det peika på utfordringar med at alle elevar ikkje vert sett og fulgt opp fagleg. Uttalane gjev òg uttrykk for at større miljø kan verta utrygt for elevane i skulekvardagen og då mindre læring.

#### Vurdering: Kvalitet

Kvalitet i skulen er eit omdiskutert omgrep. Eit forsøk på ei avklaring ligg i NOU-rapport 2002:10 *Førsteklasses fra første klasse — Forslag til rammeverk for et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem av norsk grunnopplæring* der kvalitet vert forstått som ein tredelt faktor som består av resultatkvalitet, prosesskvalitet og strukturkvalitet:

1. Resultatkvalitet er knytt til den enkelte elev sitt heilskaplege læringsutbytte
2. Prosesskvalitet er knytt til skulen sitt arbeid med opplæringa
3. Strukturkvalitet er knytt til dei ytre føresetnadane, slik som organisering av skulen og ressursane

Kommunedelplan Oppvekst legg òg til grunn denne forståinga av kvalitet og viser gjennom visjon og kvalitetsmål kva kvalitet kommunen vil ha i skulane for borna.

### **Visjonen til skulane i Vaksdal:**

” Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande”.

Kvaliteten i skulane skal vera som følgjande mål:

#### **Hovudmål 1: I vår skule har vi eit godt samarbeid med heim og lokalsamfunn**

##### *Kvalitetskriterier:*

Strukturkvalitet	Plan for arbeidet
Prosesskvalitet	Foreldre er aktive, interesserte, engasjerte for skulen sin (innhald, miljø og trivsel, lokalsamfunn, kultur og haldningar m.m) Låg terskel for formell og uformell kontakt om elevane si faglege og sosiale utvikling Barna vert kjent med bygda og kommunen sin (stikkord: bedrift, gardsbesøk, lokale ressurspersonar, lokal historie m.m.)
Resultatkvalitet	Brukarundersøking

#### **Hovudmål 2: I vår skule arbeider vi for at alle elevar får auka læringsutbytte og når sitt maksimale faglege nivå med høg grad av meistring**

##### *Kvalitetskriterier:*

Strukturkvalitet	Høgt kvalifiserte og engasjerte lærarar i både teoretiske og praktiske fag
Prosesskvalitet	Lærarar stimulerer elevane sitt engasjement, motivasjon for læring, kreativitet og vitebegjær Lærarar er gode på å vurdere elevane sitt læringsutbytte og evner å gi melding til elevane som fører auka læringsutbytte Prioritering av førebygging og tidleg innsats
Resultatkvalitet	Auke grunnskulepoeng og sikre at nivå stabiliserer seg på nasjonalt nivå

#### **Hovudmål 3: I vår skule har vi elevar med høg grad av trivsel i eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø**

##### *Kvalitetskriterier:*

Strukturkvalitet	Eit målretta, systematisk og dokumentert arbeid for korleis skape eit godt fysisk miljø ute og inne
Prosesskvalitet	Ha eit bevisst og aktiv fokus på korleis skape trivsel gjennom å byggje gode relasjonar (mellom lærarar, mellom elevar og mellom lærarar og elevar)
Resultatkvalitet	Elevundersøking Brukarundersøking

I utgreiinga av skulestrukturen i Vaksdal har det i hovudsak vore fokus på strukturkvalitet, framfor prosesskvalitet og resultatkvalitet. Strukturkvalitet handlar om formell kompetanse blant lærara, personaltettleik, storleik på elevgruppe og samansetjning, bygningar og utstyr, andre rammevilkår og

økonomi. Resultatkvallitet er knyttet til den enkelte elev sitt heilskaplege læringsutbytte, medan prosesskvallitet er knytt til skulen sitt arbeid med opplæringa.

I kommunebarometeret vert kvalliteten i skulane i Vaksdal synleggjort. Gjennomsnittleg grunnskulepoeng dei siste 4 åra når ikkje måla i Kommunedelplanen og kommunen er blant dei 5 % dårlegaste kommunane i landet. På den andre sida viser det at trivselen på skulane i Vaksdal er særst god og blant dei 5 % av kommunane som er best i landet.

Kommunens karakterbok	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Kommunens nøkkeltall	De beste i landet
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	KB 2015	KB 2015
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskulepoeng siste fire år (10 % vekt i sektoren)		2,1	1,2	1,0	1,0	37,4	42,7
AVGANGSKARAKTERER: Gjennomsnittlige grunnskulepoeng siste år (5 %)	2,3	1,5	1,3	1,0	2,2	38,6	43,4
NP 5. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		3,6	4,0	3,5	3,7	49,7	54,3
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)		1,9	2,2	2,2	3,1	32	19
NP 8. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		2,8	1,9	1,6	1,9	47,6	53,5
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)		3,4	2,2	2,0	2,7	11	5
NP 9. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		1,4	1,3	1,0	1,2	48,0	54,9
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)		1,9	2,0	1,3	2,4	6	3
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)		4,6	4,9	4,9	5,1	89	92
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)		6,0	6,0	6,0	6,0	91	90

Karakterskalaen i denne tabellen viser:

5 % beste kommunene = karakteren 6

5 % dårligste kommunene = karakteren 1

Karakter 3,5-5,9: Nærmere de beste enn de dårligste kommunene

Årsmelding for 2015 og tilstandsrapporten for skule 2016 skal leggjast fram for politisk nivå våren 2016. Dei vil vise i kva grad me har lukkast i å forbetre resultatane med dei strategiane som er lagt.

*(Årsmeldinga vil synleggjera måloppnåing av budsjettmåla for 2015. Ressursbruk, barn- og elevtal og nivå på spesialundervisning vil òg verta rapportert i den. Vaksdal kommune sine KOSTRA-tal vil verta samanlikna med andre kommunar når det gjeld bruk av økonomiske ressursar. Førebelse KOSTRA- tal ligg føre 15.03.2016*

*Tilstandsrapporten vert lagt fram for kommunestyret årleg og viser til måloppnåing på gjevne indikatorar for resultatkvallitet, jf. St. meld. nr. 36 (2007-2008). Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtala læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Det er data frå [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) som i hovudsak vert nytta som grunnlag for skuleeiga si vurdering av tilstanden. Tilstandsrapporten skal vise resultatkvalliteten i skulane, samt mål og tiltak, gjennom å setje lys på følgjande områder:*

Ressursbruk: Elevtal – tal årsverk og lærartettleik

Læringsmiljø: Mobbing – mestrings – støtte frå læraren – støtte heimefrå – vurdering for læring – læringskultur – elevdemokrati og medverknad

Læringsutbytte: Nasjonale prøvar (5., 8. og 9. trinn) – grunnskulepoeng – eksamen

Overgang vidaregåande skule: Kor mange som har starta og resultatane etter 1. år.)

Det vil vera naudsynt å rullera Kommunedelplan Oppvekst når skulestrukturen er vedteke. Dette for å kunne tydeleggjera den pedagogiske plattformen basert på strukturen og rammevilkåra skulen vil få i framtida. I rullinga må det blant anna leggast vekt på tilrådingane som kjem fram i NOU 2015:8 Fremtidens skole

\* NOU 2015:8 Fremtidens skole peikar på fleire utviklingstrekk der samfunnet går mot eit større mangfold, høg grad av kompleksitet og raske endringar. Samfunnsendingane omfattar kommunikasjons- og medieteknologi i rask utvikling, utfordringar med berekraftig utvikling, demografiske endringar lokalt og globalt med etnisk, kulturelt og religiøst mangfold, urbanisering, forbruksvekst og eit kunnskapsbasert og internasjonalt arbeidsliv. På bakgrunn av utviklingstrekkene tilrår utvalet fire kompetanseområder som grunnlag for fornying av skulen sitt innhald. Dette er:

- fagspesifikk kompetanse
- kompetanse i å læra,
- kompetanse i å kommunisera, samhandla og delta
- kompetanse i å utforska og skapa.

## 2. Økonomiske konsekvensar av å oppretthalda skulestrukturen som i dag

Fleire (13) av høyringsuttalane peikar på at det er trong for ei grundigare vurdering av rammeføresetnadane for kvalitet i skulen enn det utgreiinga gjer uttrykk for.

Med stor overvekt av høyringsuttalar som ynskjer å oppretthalda skulestrukturen som i dag, vil det vera naudsynt å få ei nærare utgreiing av kva økonomiske og faglege konsekvensar dette vil ha. Fleire av høyringsuttalane viser òg forståing for den vanskelege økonomiske situasjonen Vaksdal kommune er i og det vert stilt spørsmål om meir utgreiing av konsekvensane ved å oppretthalda skulestrukturen.

Inntektsvikt i økonomiplanperioden medfører behov for å redusere driftskostnadane i kommunen. Innan oppvekst kan dette møtast gjennom reduserte midlar til drift eller gjennom endringar i organisering og struktur. Den desentraliserte skulestrukturen med nærmiljøskular gjer at vi idag berre har fådelte skular, utanom ungdomstrinnet på Dale. Dette er ressurskrevjande og det gjev små og mindre robuste fagmiljø for det pedagogiske personalet. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Kjøp av elevplassar i andre kommunar er òg ein del av skulestrukturen i Vaksdal.

For å tilpassa oss elevtalet og rammene i økonomiplanen må drifta reduserast i perioden om strukturen er lik. Økonomiplan 2016 – 2019 føreset at å redusera rammene til oppvekst med kr 5 925 000 i perioden 2015 – 2019. Denne reduksjonen utgjer omlag 9,5 undervisningsårsverk i løpet av perioden, rekna ut frå ei gjennomsnittleg årsløn for lærarar i Vaksdal pr. 2014. Dette vil få konsekvensar for undervisningstilbodet til elevane og det vil vera naturleg å sjå desse konsekvensane opp mot måla i Kommunedelplan Oppvekst og NOU 2015:8 Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetansar.

*Reduksjonen i årsverk vil ha stor innverknad på undervisningstilbodet Vaksdal kommune skal gje skuleborna og det vil vera nødvendig å greia ut kva konsekvensar dette vil få for:*

- Tidleg innsats, spesielt på 1. – 4. trinn
- Deling av klassar / grupper i kjernefaga (norsk, engelsk og matematikk)
- Spesialundervisning til elevar med særskilde behov og særskild språkopplæring
- Storleik på grupper/ lærartettleik og romkapasitet



- *Fagmiljøet for det pedagogiske personalet*
- *Krav til minstetimetall til undervisning ut frå lovlegheit*

*Økonomiplanen skal omfatta heile kommunen si verksemd og gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. I økonomiplanen skal det for kvart enkelt år økonomiplanen omfatta tilvisa dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp. Ved å oppretthalde skulestrukturen som i dag vil det sansynleg krevja ei vesentleg endring i prioriteringar i økonomiplanperioden som må greiast ut fram mot vedtak Økonomiplan 2017 – 2020.*

I økonomiplan 2016 – 2019 heiter det mellom anna:

*«Når ressursramma til skulane skal reduserast, er det viktig å vurdere kvaliteten på opplæringa til elevane opp mot ei eventuell endring av skulestruktur. Det er eleven sitt læringsmiljø som skuleeigar har ansvar for, ei opplæring som tek omsyn til eleven si føresetnad for læring og utvikling. Eventuelle strukturelle endringar kan vera ønskjeleg om:*

- *Det sikrar betre kvalitet på tilbodet til den einskilde eleven*
- *Dette gjev meir kvalitativ effekt av samla tilgang på ressursar og kompetanse*
- *Dette gjev kommunen best mogeleg utgangspunkt for å byggje ut ein framtidsretta arena for læring, lokalitetar som stimulerer til læring og vekst»*

### **3. Skulen sin plass og funksjon i nærmiljøet**

Mange uttalar (nær 20) peikar på betydninga av skulen som del av nærmiljøet og i størst grad foreldreutvala. Kort oppsummert seier uttalane at det vil vera særskild uheldig for nærmiljøet å miste skulen. Det vert framheva den viktige plassen skulen har i nærmiljøet i dei enkelte bygdene. Dette har openbart vore for lite omtalt i grunnlaget som har vore på høyring.

Fleire uttalar skildrar skulen som sjølv midtpunktet i bygda. Dette som kulturbyggjar, som samlings- og møteplass og som navet i aktivitet på ettermiddag. Det vert òg peika på godt samarbeid mellom skule og heim fordi skulen ligg i nærmiljøet og er ein aktiv del av bygda. Dette kjem til uttrykk i ulik styrkegrad i dei ulike uttalane. Det er òg skildringar om nærmiljøet som ein god plass å vera for born etter skuletid der dei kan tilbringe tida med vener og familie.

Nokon høyringsuttalar peikar på skulen sin sentrale plass for det frivillige arbeidet i bygdene. Dette gjeld både bruk av skulebygga som ein plass for utøving av aktivitetar for born og vaksne, blant anna musikk og idrett, men òg skulen som ein viktig samarbeidspartnar for frivillige organisasjonar der born, unge og vaksne er målgruppa.

I forkinga vert det vist til tre ulike typar modellar for korleis ein skule kan samhandla med lokalsamfunnet på (Melheim, 2009; Edvardsen, 2004; Helle-Olsen, 1991). Den første modellen er den *samfunnsignorante skulen* som ikkje tilpassar arbeidet i skulen til den lokale konteksten, men operer isolert frå lokalsamfunnet. Ein annan modell er den *samfunns passive skulen* som er open for informasjon og kontakt med omgjevnaden og samhandlar med lokalsamfunnet på eit nivå som påvirkar undervisninga, t.d. ekskursjonar og prosjektoppgåver. Den *samfunns aktive skulen* som er den tredje modellen, er ein ressurs for lokalsamfunnet gjennom å tilby tenester utover grunnskuleopplæring. Skulen kan ha rollen som kulturbærer som formildar av lokal kultur, eit sosialt felleskap som lokale og arrangør av sosiale treff og arrangement eller ein utvidet undervisningsaktør ved å tilby vaksenopplæring eller desentraliserte studieløp.

*I sak om skulestrukturen i Vaksdal vil det verta belyst kva rolle skulane i Vaksdal tek i sine respektive lokalsamfunn og nærmiljø i dag, basert på høyringsuttalane.*

## **Busetjing, folketalsauke og attraktivitet**

Nær alle høyringsuttalane (24) peikar på at det er trong for ei grundigare utgreiing av busetjing, folketalsauke og attraktivitet enn det utgreiinga gjer uttrykk for.

Uttalane viser at alle bygdene er oppteken av at det skal flytta nye innbyggjarar til kommunen. Nye naboar er velkomen. Vilje til og ynskje om vekst både i den enkelte bygda, men òg i kommunen under eitt, kjem fram i mange høyringsuttala.

Nokon av høyringsuttalane meiner nedlegging av skulen vil føre til at bygda dør. Nokon seier det vil verta fråflytting med ein gong, andre meiner bygda sakte vil verta forgubba og mista tilflytting.

Dette er eit stort og sterkt spørsmål og det er vanskeleg å hente ut faglege og rasjonelle argument som gir overvekt for ei sikker slutning om at skulenedlegging vil leie til redusert folketal i bygda eller ikkje. For å hente ut generelle råd er det naturleg å gå til forskning.

Det er ikkje funne forskning som har funnet støtte for at bygder vert fråflytta fordi skulen vert lagt ned. Det ser derimot ut til at nedlegging av ein skule ofte er ein konsekvens av at bygda allereie er uttynna. Viss befolkninga vert tynna ytterlegare ut etter skulenedlegging, er det vanskeleg å vise til at det skuldast nedlegging eller om det er eit resultat av ei utvikling som ville skjedd uansett.

Dette vert stadfesta av Pettersen et al. (2001:129):

*«I bygder der skolen blir lagt ned, og der det er lang vei til skolen, stagnerer gjerne befolkningsutviklingen. Slike bygder preges gjerne av utflytting, lite tilflytting og etter hvert forgubbing og uttynning. En slik utvikling skyldes imidlertid sjelden nedleggelsen av skolen i bygda, men har sammenheng med andre forhold knyttet til prosesser i arbeidsmarkedet, strukturendringer i næringer, endringer i befolkningssammensetningen etc. Skulenedleggelse kommer på toppen, og kan bidra til å forsterke nedgangen i befolkningen.»*

Det er såleis vanskeleg å seie i kor stor grad skule spelar inn på ein stad sin attraktivitet som bustad, og det er truleg andre element som påverkar meir enn skule. Det er likevel slik at på sikt neppe vil vera positivt for eit lokalsamfunn at skulen vert lagt ned, og elevane vert flytta til nabobygda eller ein tettstad lenger vekke.

Busetjingsmønster og kor foreldre har arbeidsplassen sin i forhold til lokalisering av skule vert òg peika på i høyringsuttalane. Ved å sentralisera nokon eller alle skulane frå 1. – 7. årssteg vert det ei utfordring knytt til elevar som har trong for å gå i SFO. Elevar som går i SFO har ikkje høve til å ta ordinær skuleskyss og det vil gje ei ekstra bruk av tid til for foreldre til å bringe og hente borna i SFO. Det vert òg framheva at ein del foreldre har arbeidsplassen sin utanfor kommunen og difor må køyre ekstra langt for å kunne nytte seg av SFO til borna sine ved sentralisering av 1. – 4. årssteg.

Uansett er det viktig å ta stilling til kva rolle skulen skal ha for spørsmålet om folketalsauke eller fråflytting. Folketalsutviklinga er hovudutfordringa definert i kommuneplanen. Ny samfunnsdel er no i prosess og vil vere grunnlaget for ei konkret vurdering av attraktivitet og busetnad for kommunen, så langt det er råd å gje. Attraktivitet og busetjing vil vera ein viktig del av strategiane for å auke folketalet. Tilbakemeldingane gjennom høyringsuttalane lyt sjåast i samanheng med denne prosessen.

*Det vil verta utarbeida og lagt fram modellar og statistikk om bustadbygging, befolkningsutvikling og pendling i Vaksdal i saksutgreiinga.*

## **Skuleveg og skuleskyss**

Skulevegen, både langs E 16 og F 595 vert i nær 20 av høyringsvara teke fram som ein utrygg faktor

ved ei eventuell endring av skulestrukturen. Skulevegen vert skildra som trafikkfarleg, der det er fare for ras og ulukker, og for nokon lang.

Dei fleste høyringsuttalane omtalar skuleskyss som ein negativ konsekvens av ei eventuell endring av skulestrukturen. Det vert peika på tre utfordrande forhold kring skuleveg og skuleskyss; farlege vegar som er utsett for ras og ulukker, tidsbruk for elevane ved lengre skuleveg og utrygg oppleving for elevane ved å ta buss til skulen. To uttalar har òg peika på problematikk kring av- og påstinging med eit auka tal elevar.

Når det gjeld lengre reiseveg er det argumentert for at elevane vil bruke meir av tida si på reise til og frå skulen og mindre tid til fritidsaktivitetar og leik.

Fleire uttalar peikar på manglar i høve reisetid frå andre bustadområder enn sentrum der reisetida er rekna ut frå i utgreiinga.

Vaksdal kommune er ein langstrakt kommune med mange vegar som kan følast utrygge. Foreldre og elevar si oppleving av at det er utrygt å ferdast på vegane kan ikkje motprovast. Ved eventuell endring av skulestruktur og med det auka del elevar som må ta buss til skulen, må det arbeidast med, saman med transportør å gjera skuleskyssen så trygg som mogeleg og organisera det slik at ungane opplever det som trygt.

### **Andre funn i høyringane**

#### **Privatskular**

To av høyringsuttalane omtalar privateskular som alternativ viss den kommunale skulen vert lagt ned. Dette teamet har òg vore omtala i Levekårsutvalet og står kort skildra i Skulebruksplanen 2015-2030.

Mange privatskular vert etablert i kjømda av kommunale skulestrukturendringar. Private skular reduserer kommunen sitt inntektsgrunnlag fordi deler av dei statlege overføringane vert utbetalt til dei private skulane, samstundes som kommunen opprettheld dei same driftskostnadane i sine grunnskuletenester. Dette gjev ei netto redusert driftsramme for dei kommunale grunnskuletenestene.

#### **Andre alternative av skulestruktur**

I 6 av uttalane vert det foreslått annan struktur av skulane enn i utgreiinga. Innspela er ny skule/oppveksttun på Lavik for alle elevane frå Eidslandet til Gullbrå, nytt skulebygg på Stanghelle i staden for Dale. Elles vert det peika på at oppveksttun kan vera eit alternativ i nokon av bygdene. Det ligg utanfor mandatet å greie desse alternativa ut ytterlegare